



Årsplan 2023/2024

Espira Halsnøy kloster barnehage

Innholdsliste

.....	2
Me er ein Espira-barnehage	3
Kva er ein årsplan	3
Barnehagen sine fagområder	3
Barnehagen sitt verdigrunnlag	4
Barnehagen sitt formål og innhald	4
Barnehagen skal vareta barna sitt behov for omsorg	5
Barnehagen skal vareta barna sine behov for lek	7
Barnehagen skal fremme læring	8
Barnehagen skal fremme danning	9
Barnehagen skal fremme vennskap og fellesskap	11
Barnehagen skal fremme kommunikasjon og språk	12
Barnehagen skal sørge for eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø	13
Barn sin medverknad	15
Foreldresamarbeid og foreldra sin medverknad	16
Tilvenning av nye barn	17
Samarbeid og samanheng med skulen	18
Espira sine satsingsområde	19
Lokale satsingar	20
Vurderingsarbeid	21
Kontaktinformasjon	22



Me er ein Espira-barnehage

Espira består av om lag 100 barnehagar frå Lindesnes i sør til Levanger i nord. I Espira har me eit mangfald av barnehagar med lokale tradisjonar og tett tilknytning til nærmiljøet. Me har også noko som er felles for alle barnehagane. Me har blant anna eit felles barnesyn, felles satsingsområde og felles metodikk for kvalitetsvurdering og utvikling av den pedagogiske praksisen.

Årsplanen er bygd på barnehagelova og rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver.

Les om Espira sin faglege profil her:

www.espira.no

[Espira Halsnøy Kloster, Sæbøvik i Kvinnherad kommune - Espira](#)

Kva er ein årsplan

I rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver står det at årsplanen skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsette rammeplanen sitt formål og innhald, og barnehageeigaren sine lokale tilpassingar til pedagogisk praksis. Årsplanen er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer barnehagen sine val og grunngjevingar.

Basert på årsplanen utarbeidar barnehagen planar for korte og lengre tidsrom, og for ulike barnegrupper etter behov. Desse planane vert publisert på vår digitale kommunikasjonsplattform, Spireportalen.

Barnehagen sine fagområder

I rammeplanen er det definert sju fagområde som barn skal utvikle kunnskapar og ferdigheiter innanfor gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar. Fagområda skal ein sjå i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av barnehagen sitt innhald. Fagområda tilsvara i stor grad dei faga barna seinare vil møte i skulen.

Arbeid etter fagområda vert synleggjort i barnehagen sine periodeplanar og vekeplanar, i Spireportalen.





Barnehagen sitt verdigrunnlag

I følge rammeplanen skal barnehagen sitt verdigrunnlag formidlast, praktiserast og opplevast gjennomgåande i barnehagen sitt pedagogiske arbeid. Rammeplanen konkretiserer verdigrunnlaget ved å løfte nokre områder som skal prege barnehagen sitt arbeid gjennomgåande.

Desse er: demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling og likeverd, berekraftig utvikling og livsmeistring og helse.

Barnehagen sitt verdigrunnlag skal ligge til grunn for alt arbeid i barnehagen.

Barnehagen sitt formål og innhald

Ifølge rammeplanen skal barnehagen sitt innhald vere variert og allsidig og tilpassast enkeltbarn og barnegruppa. Arbeid med omsorg, danning, leik, læring, vennskap og fellesskap og kommunikasjons og språk skal sjåast i samheng og bidra til allsidig utvikling. Rammeplanen har mål for personalet sitt arbeid innan desse fagområda. Vi arbeidar kvar dag mot desse måla.

I Espira arbeider me systematisk med å heve kvaliteten på den pedagogiske praksisen. Me har konkretisert rammeplanen sine mål om omsorg, danning, leik, læring, vennskap og fellesskap, kommunikasjon og språk og eit trygt og godt psykososialt miljø til kjenneteikn på kvalitet på den pedagogiske praksisen. Desse vert synleggjort i årsplanen vår.

Barnehagen skal vareta barna sitt behov for omsorg

Kva	
I vår barnehage anerkjenner vi barna sine kjensler.	Det skal vere rom for barna sine ulike kjensler, og me skal i like stor grad vere saman med barnet i deira sinte eller triste kjensler som dei "gode".
Me legg til rette for at ein gir barna moglegheit for ro og kvile i løpet av barnehagedagen.	Når barn har behov for ro og kvile skal dei få moglegheit til å ta ein pause, la tankane flyte, kunne trekke seg tilbake og søke ro, kvile og avslapping gjennom barnehagedagen.
I vår barnehage er måltida prega av trivsel og god stemning.	Måltidet skal vere ein sosial arena som gir gode moglegheiter for å skape gruppetilhøyring og trivsel, og me skal fungere som gode rollemodellar, samtalepartnarar og støttespelarar under måltidet.
I vår barnehage møter me barna med positive haldningar.	Me skal ha eit barnesyn der vi ser på alle barn som unike og likeverdige individ. Me skal vere støttande, vennlege og varme.

Kvifor
Omsorg er ein føresetnad for barn sin tryggleik og trivsel, og for utvikling av empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna moglegheit til å utvikle tillit til seg sjølv og andre. I barnehagen skal alle barna oppleve å verte sette, forstått, respektert og få den hjelpa og støtta dei har behov for. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet og mellom barna, som gir grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som også verdset barna sine egne omsorgshandlingar.

Korleis
Slik jobbar me med å ivareta barna sitt behov for omsorg: <ul style="list-style-type: none">- Ivareta barna sitt behov for fysisk omsorg, inkludert behov for ro og kvile- Sørge for at alle barn opplev trygghet, tilhørighet og trivsel i barnehagen- Møte alle barn med åpenhet, varme og interesse og vise omsorg for kvart enkelt barn- Bidra til at barna kan utvikle tillit til seg sjølv og andre- Gode klemmer og eit trygt fang

Med småspirene:

- Bruke god tid på tilvenning for ein trygg og god start
- være lydhør for barna sitt uttrykk og imøtekomme deira behov for omsorg med sensitivitet.
- Legge til rette for at barna kan knytte seg til personalet og til kvarandre
- Små faste grupper for å skape forutsigbarhet for barn og foreldre

Med dei mellomste:

- Jobbar for ein trygg og god overgang ved avdelingsbytte
- Leik i små grupper med vaksne som er tilstades.
- Anerkjenner og støtter barna i deira kjensler, gir rettleiing og verktoy til å takle utfordringar.
- Jobber aktivt med relasjonsbygging.

Med skulespirene:

- Støtte og oppmuntre barna til å vise omsorg for andre og til sjølv å kunne ta imot omsorg
- Legge til rette for at barna kan fortelle om egne behov og opplevingar
- Støtte og oppmuntre til eit positivt møte med andre



Barnehagen skal vareta barna sine behov for leik

Kva	
Me legg til rette for pedagogiske miljø som inspirerer til leik.	I vår barnehage skal det vere gode pedagogiske miljø som inspirerer til leik. Barna skal få mange leikeidear og lyst til å leike.
I vår barnehage observerer me barna sin leik.	Me skal vere "skrudd på" og "til stades" slik at me kan gå inn og støtte barna ved behov. Me skal ha auge for barna sin leik, relasjonar og det som skjer mellom barna.
I vår barnehage tilfører me leiken begeistring og glede.	Me skal legge til rette for spennande erfaringar og opplevingar. Vi skal glede oss saman med barna, bruke humor, varme og latter.
I vår barnehage får leiken god plass i dagsrytmen.	Korleis me organiserer barnehagekvardagen påverkar for kva plass vi gir leiken.

Kvifor
Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og ein skal anerkjenne leiken sin eigenverdi. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for barna si utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning, og engasjement gjennom leik – aleine og saman med andre.

Korleis
Slik jobbar me med å vareta barna sitt behov for leik: <ul style="list-style-type: none">- Leiken har ein sentral plass i dagsrytmen vår og me setter av mykje tid til leik.- Me tilrettelegg for pedagogiske miljø som inspirerer til leik.- Me har leikegrupper med rettleiande, observerande og engasjerte vaksne.- Me bidrar til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – aleine og saman med andre. Me tilfører leiken begeistring og glede, og hjelper enkeltbarn som treng støtte.- Leikemateriell skal vera i barna si høgde slik at dei lettare kan velja kva dei vil leika med.- Barna skal få medverke i leiken. Me legg til rette for at barna sine leikeinteresser kan bli utgangspunkt for prosjekt og tema-arbeid. Me må rette merksemda mot barn sine opplevingar i leiken og søke etter barns perspektiv.- Me bidrar til at barna får felles og inkluderande erfaringar gjennom leik.- Gjennom leiken bygger me gode relasjonar og vennskap.

Barnehagen skal fremme læring

Kva	
Me legg til rette for eit pedagogisk miljø som inspirerer barna til nysgjerrigheit og utforsking.	Barna lærer mest og best når dei kan utforske og verte nysgjerrige. Dei pedagogiske miljøa skal utvide barna sine erfaringar og skape moglegheit for progresjon.
Me fordeler merksemda godt blant barna.	Me skal fordele merksemda godt blant barna og vere medvitne på at alle barn skal verte sett og høyrte som enkeltbarn og i heile gruppa.
Me dokumenterer barna sin læringsprosess i det pedagogiske miljøet.	Dokumentasjon synleggjer barna sine aktivitetar, kva barna er opptekne av og kva tema vi jobbar med. Dokumentasjonen skal vere synleg for barna og for andre.
I vår barnehage utfordrar me barna si tenking.	Å utfordre barna si tenking handlar både om å ta barna sine tankar og meiningar på alvor, samtidig utvide og ta dei vidare. Me skal vise barna at vi er interessert i kva og korleis dei tenker.

Kvifor
I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om deira lyst til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiell og reiskap som bidreg til meningsfull samhandling. Barna si nysgjerrigheit, kreativitet og vitebegjær skal anerkjennast, stimulerast og leggest til grunn for læringsprosessane deira. Barna skal få undersøke, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektivet og få ny innsikt. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessen. Barnehagen skal bidra til eit læringsfellesskap der barna skal få bidra i eigen og andre sin læringsprosess.

Korleis
Slik jobbar me med å ivareta barna sitt behov for læring: <ul style="list-style-type: none">- Me bygger gode relasjonar mellom barna. Gode relasjonar fremjar trivsel, eit godt sjølvbilete og gir gode rammer for læring.- Me støtter og undrar oss saman med barna i formelle og uformelle lærings situasjonar, og utfordrar barna si eiga tenking ved å stilla opne spørsmål.

- Me legg til rette for eit pedagogisk miljø som inspirerer barna til nysgjerrigheit og utforsking, til dømes ved å ha gjenbruksmateriale og naturmateriale tilgjengeleg.
- Me nyttar materiellet i Vera Saman til refleksjon, og i læringsprosessar knyta til relasjonar, verdiar og aggresjonsmeistring.
- Me deler merksemda vår godt blant barna.
- Me nyttar den flotte naturen rundt barnehagen aktivt, og utfordrar barna si tenking rundt endringar i naturen, og det dei oppdagar i naturen.
- Me jobbar tverrfagleg med tema og prosjekt tilpassa alder og interesse.
- Me dokumenterer barna sine læringsprosessar, ved hjelp av bilete, tekst, praksisforteljingar, teikningar, mm.
- Me gir barna kjennskap til kulturminna i nærmiljøet til barnehagen.
- Me bruker Snakkepakken aktivt for å styrke barna si språk -og omgrepslæring.
- Me nyttar «Mattemeisen» , for å fremje grunnleggjande matteforståing og interesse.
- Me nyttar Forskarfabrikken, som er med å stimulere kreativiteten, nysgjerrigheita og lærelysta i alle aldrar.

Barnehagen skal fremme danning

Kva	
I vår barnehage møter me barna med det dei er oppteken av.	Me skal vere interessert i kva barna er opptekne av, og ta oss tid til å undersøke og fange interessene deira. Me skal vere nysgjerrige på korleis verda ser ut frå deira ståstad, vere lydhøyre og vise barna at meiningane deira og opplevingane har tyding.
I vår barnehage støttar me relasjonar mellom barn.	Me skal vere til stades i leiken og samspelet, og skape eit barnehagemiljø der alle er med i eit inkluderande fellesskap.
I vår barnehage støttar me barna i å utvikle eit positivt forhold til seg sjølv.	Barna skal oppleve å vere gode nok slik dei er, ha tru på egne evner og eigenskapar, og utvikle eit positivt forhold til seg sjølv.
Me legg til rette for at aktivitetar i barnehagen er meningsfulle for barna.	Me skal finne ut kva barna er opptekne av og legge til rette for at barna opplever at aktivitetane er meningsfulle.

Kvifor
Barnehagen skal støtte barna i å forhalde seg prøvande og nysgjerrig til omverda og bidra til å legge grunnlag for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap.

Barnehagen skal fremme samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsettast og følgast opp. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktig for fellesskapet. Barnehagen skal bidra til å fremme barna si tilhøyring til samfunnet, naturen og kultur.

I barnehagen skal barna få delta i slutningsprosessar og utvikling av felles innhald. Barna skal støttast i å uttrykke synspunkt og skape meining i den verda dei er ein del av. Gjennom samspel, dialog, leik og utforsking skal barnehagen bidra til at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse, slik at dei kan bidra til endringar.

Korleis

Slik jobbar me med å fremme danning:

- Me møter barna i det dei er opptatt av og relasjonar mellom barna.
- Me har fokus på gjensidig respekt, likeverd og mangfald. Fremmer gode haldningar og verdiar.
- Me støttar barna i å utvikla eit positivt tilhøve til seg sjølv.
- Me legg til rette for aktivitetar som er meningsfulle for barna.
- Me viser interesse i det barnet har å fortelje, og stiller gode opne spørsmål.
- Me er varme og grensesettande vaksne som bidrar til at barnehagekvardagen er prega av tryggleik, glede og meistring i eit sosialt og kulturelt fellesskap. Me skal vera gode rollemodellar i samspel med barn, kollegaer og foreldre, og bidra til læring av sosiale ferdigheitar.
- Me skal støtte barna i å reflektere kring eigen og andre sine handlingar, veremåte og reaksjonar.
- Barna skal oppleva at dei er gode nok slik dei er, ha tru på egne evner og eigenskapar, samtidig som at dei gir plass til andre «Eg skal vera meg, gi plass til andre slik at dei får vera seg. Eg hjelper andre som treng det».
- Barnekonvensjonen – barnas eigen grunnlov



Barnehagen skal fremme vennskap og fellesskap

Kva	
I vår barnehage er det ei blanding av organisering i større og mindre grupper.	I mindre grupper leikar ofte barna godt og me vert meir sensitive for barna sine behov.
Me hjelper barn som har behov for støtte i leik.	Me har ansvar for at alle barn er inkludert i leik og at ingen barn fell utanfor leikefellesskapet.
I vår barnehage snakkar me med barna om vennskap og fellesskap.	Me skal støtte barna i utviklinga av sosial kompetanse og saman med barna sette ord på både godt og vanskeleg samspel. Me skal sørge for at negative samspelsmønster ikkje festar seg.
I vår barnehage inviterer leiker og materiell til felles leik og samspel.	Det skal vere nok leiker og materiell til at mange kan leike saman, utvalet skal vere variert og inspirere barna til å leike.

Kvifor
Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskap og haldningar som utviklast gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å ha verdi for fellesskapet og å vere i positivt samspel med barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt legge til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Barna sin sjølvkjensle skal støttast, samtidig som dei skal få hjelp til å meistre balansen mellom å ivareta eigne behov og det å ta omsyn til andre sine behov.

Korleis
Slik jobbar me med å fremme vennskap og fellesskap: <ul style="list-style-type: none">- Me startar nytt barnehageår med tema vennskap. Då jobbar me med relasjonsbygging mellom barn-barn, og barn-vaksen for å skapa eit godt grunnlag for resten av barnehagetida.- Me jobbar mykje med leikegrupper, både ute og inne, saman med deltakande og engasjerte vaksne. Me skal observere barna i leik og samspel, og hjelpe barna inn i leiken og etablere vennskap.- Me bruker samlingsstundene til å samtale om vennskap.- Me har fokus på å vere ein god venn, dele, vente på tur og hjelpe andre.- Me har vår eigen handlingsplan mot mobbing. Denne skal alle kjenna til og jobba aktivt med.- Me jobbar med vennskap i her og nå-situasjonar og er vaksne som stoppar opp og set ord på det gode, positive som skjer mellom barna, og som rettleier barna når det er behov for det.

Barnehagen skal fremme kommunikasjon og språk

Kva	
Me forsterkar vår kommunikasjon med kroppsspråk og konkretar etter behov.	Me skal vere reflekterte og medvitne på kroppsspråk, kva ord og setningar vi bruker i samtalar med barna, og bruke konkretar etter behov.
Me brukar språket aktivt som støtte i leik og aktivitetar.	Me skal bruke språket aktivt og støtte barna si språkutvikling i alle leikar og aktivitetar i kvardagen.
I vår barnehage sørgjer me for at alle barn får moglegheit til å delta i samtalar.	Me skal medvittent invitere barna inn i samtalar sjølv om dei ikkje ber om å vere med sjølv.
I vår barnehage leiker me med språk, for eksempel gjennom regler, rim, ordleik og fortellingar.	I eit godt språkmiljø inngår språkleik og vi skal vere språkleg medvitne når me er saman med barna.

Kvifor
Barnehagen skal vere medviten på at kommunikasjon og språk påverkar alle sider ved barn si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna verte støtta i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape meining. Barnehagen skal anerkjenne og verdsette barna sine ulike kommunikasjonsuttrykk og språk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og alle barn skal få delta i aktivitetar som fremmer kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling.

Korleis
Slik jobbar me med å fremme kommunikasjon og språk: <ul style="list-style-type: none">- Me brukar språket aktivt i leik og i alle kvardagssituasjonar.- Me skal vera gode språklege rollemodellar.- Alle avdelingar skal ha ein lese krok med eit rikt utval av barnebøker, og ha bøker tilgjengeleg for barna. Me skal ha bøker frå både nåtid, og gamle klassiske barnebøker.- Me har språksamlingar med ulike språkleikar og aktivitetar tilpassa alder og modning.- Me har forskjellig språkmateriale til bruk i barnehagen.- Me skal "lesa" dei minste barna sitt non-verbale språk.- Me skal utvikla barna sine uttrykksformer ved å setja ord på det me ser, det som skjer, og på omgrep og konkretar.- Me skal snakka med barn om kjensler, og hjelpe dei med å setja ord på og forstå ulike kjensler.- Me brukar bokbussen saman med barna.

Barnehagen skal sørge for eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø

Kva	
I vår barnehage skal alle barn ha det trygt og godt.	Vi skal forebygge tilfelle der barn ikkje har det trygt og godt ved å kontinuerleg arbeide for å fremme helsa, trivselen, leiken og læringa til barna.
I vår barnehage følger vi med på korleis alle barn i barnehagen har det.	I tilfelle der vi får kjennskap til, eller mistanke om, at eit eller fleire barn ikkje har det trygt og godt, skal vi undersøke saka og finne eigna tiltak.
I vår barnehage skal barnehagedagen vere noko barna ser fram til.	Vi skal sørge for at det er ein kultur som verdset og anerkjenner mangfaldet i barnehagen. Alle barn skal oppleve å vere ein del av eit fellesskap der dei er viktige og verte møtt med respekt, medkjensle og tryggleik.

Kvifor
Eit trygt og godt barnehagemiljø inneberer at alle barn skal oppleve at dei er inkludert i barnehagegruppa, opplever å vere viktige for fellesskapet, og at det å gå i barnehagen er ei positiv oppleving som dei ser fram til. I barnehagelova står det at alle barn har rett til eit godt psykososialt barnehagemiljø. Om eit barn, foreldra eller barnehagen mistenker, eller har kjennskap til at eit eller fleire barn ikkje trivast i barnehagen, har barnehagen aktivitetsplikt. Det inneberer at barnehagen skal undersøke saka og lage ein plan med tiltak om saka krev det. Foreldre og barn skal verte involvert og medverke i prosessen.



Korleis

Slik arbeider vi for å fremme trygge og gode psykososiale barnehagemiljø:

- I samarbeid med foreldre/føresette skal me gi barna ein trygg og god start på livet.
- Me skal skapa eit godt grunnlag for personleg og kulturell identitet hos barna. Me skal anerkjenne eigenverdien til barndommen, og møte barna som individ med respekt for deira opplevelsesverd.
- Me er bevisste på at barna blir påverka av menneska og miljøet rundt seg, og at barnet er med og påverkar miljøet det går i. Samspelet med barn og vaksne har difor stor betydning for barnet si utvikling på alle områder av livet. Det er me vaksne som har ansvaret for å bygga ei god og trygg tilknytning til barna. Alle barn skal bli sett, høyrte og føle seg verdifulle.
- Barnehagekvardagen skal vera prega av meistring, glede og humor i eit sosialt og kulturelt fellesskap. Det vil seie at personalet skal vera til stades for å gi barna trivsel, livsglede, eigenverdi og for å førebygge krenkelsar og mobbing.
- Me skal observere og lytte til alle barna og ta dei på alvor. Me skal vera «pålogga vaksne» gjennom barnehagedagen.
- Me arbeider etter kjernekomponentane i Vera Saman. Me følgjer implementeringsplanen vår i dette. Det viktigaste er at me er varme og grensesettande vaksne i nær relasjon med barna (autoritativ vaksenstil).
- Me skal vera trygge vaksne der barna kan finne trøyst, tryggleik og kvile. Me skal møte barnet med respekt og ta barnets kjensler på alvor, slik at me møter kjenslene deira på ein positiv og anerkjennande måte.
- Me ser på kvart enkelt barn som likeverdige uavhengig av kjønn, kultur, bakgrunn, etnisitet, sosial status, funksjonsevne osv. Me skal likestille, og ikkje diskriminere.
- Me arbeider tverrfagleg med tidleg innsats og inkluderande fellesskap i ressursteam (med blant anna PPT, spesialpedagogisk team, helsestasjon, føresette og barnehagen). Målet er å sikra tidleg innsats og inkludering for alle barn.



Barn sin medverknad

Kva

Me skal vareta barna sin rett til medverknad i barnehagekvardagen.

Kvifor

Barnehagen skal vareta barna sin rett til medverknad. Barna skal jamleg få moglegheit til aktiv deltaking i planlegginga og vurderinga av barnehagen si verksemd. Alle barn skal få erfare å få innflyting på det som skjer i barnehagen. Barnehagen skal vere medvitne på barna sine ulike uttrykksformer og legge til rette for medverknad på måtar som er tilpassa barnet sin alder, erfaringar, individuelle føresetnader og behov.

Korleis

Slik legg vi til rette for barn sin medverknad:

- Me følger opp barn sine initiativ og interesser, og vel tema/prosjekt ut frå det som «rører seg» på avdelingane. Aktivitetane skal opplevast som meningsfulle.
- Me har barnemøter med dei eldste barna, gjerne før prosjekta tar til. Barna er med og vurderer ulike aktiviteter og prosjekt undervegs.
- Me må kunne endre oppsette planar for å ta barna sine interesser på alvor.
- Barna skal oppleve at deira meining betyr noko. Me skal sjå etter ulike uttrykksformer som barna har, og støtta og utvikla dei.
- Samlingsstundene skal vera ein arena for alle. Me skal oppfordra barna til å vera aktivt deltakande gjennom kroppslege og språklege uttrykk. Me deler ofte inn i mindre grupper, slik at alle barna får komma til ordet, bli sett, anerkjent og høyrte.
- Måltida er ein arena der barna kan medverkar i stor grad.
- Rommet som «tredje pedagog» skal gjenspeile barna sine interesser. Dokumentasjon skal vera synleg i rommet.
- Personalet observerer og tar initiativ til formelle/uformelle samtalar med alle barna gjennom barnehagedagen.
- Me legger til rette for medverknad på måtar som er tilpassa barna sin alder, modning, erfaringar og individuelle forutsetningar.



Foreldresamarbeid og foreldra sin medverknad

Kva

Vi skal vareta foreldra sin rett til medverknad og arbeide i nært samarbeid og forståing med foreldra. Vi skal legge til rette for eit godt foreldresamarbeid. Foreldresamarbeidet skal skje på individnivå, med foreldra til kvart enkelt barn, og på gruppenivå gjennom foreldreråd og samarbeidsutval.

Kvifor

Samarbeidet skal sikre at foreldra får medverke til den individuelle tilrettelegginga av tilbodet. Både foreldra og personalet må forhalda seg til at barnehagen har eit samfunnsmandat og verdigrunnlag som det er barnehagen si oppgåve å forvalte.

Korleis

Slik arbeider vi for å fremje eit godt foreldresamarbeid mellom heimen og barnehagen:

- Samarbeid mellom foreldre og personale er viktig for barna si utvikling og trivsel. Heim og barnehage er to ulike miljø med eit felles mål om å skape ein best mogleg oppvekst for barnet.
 - Me har besøksdag for nye barn/føresette med felles informasjon.
 - Oppstartssamtalar med nye barn/føresette den første veka.
 - Foreldremøte i august/september med naudsynt info om rutinar, satsingsområde mm. der foreldra også kan medverke til innhaldet i barnehagen.
 - Obligatorisk foreldresamtale på hausten. Tilbod om samtale på våren, elles ved behov.
 - Foreldre/føresette vert invitert på ulike samankomster i løpet av året.
 - Kvar avdeling har ei bok der beskjedar frå foreldra vert notert. Tilsette har ansvar for å lese denne informasjonen og eventuelt bringe den vidare.
 - Barnets beste er alltid målet. Barnehagen og føresette har eit felles ansvar for å sikre barnet sin trivsel og utvikling gjennom god dialog.
- FAU består av to foreldre frå kvar avdeling som vert valt på foreldremøte på hausten. Dei skal vera eit bindeledd til barnehagen og jobba for eit godt barnehagemiljø på vegne av foreldre. FAU arrangerer sommaravslutning saman med barnehagen, samt eit foreldremøte med sentrale tema/innslag.
- Samarbeidsutvalet (SU) består av to foreldrerepresentantar og to tilsette. SU har rett til å uttale seg i saker som er av viktighet for barnehagen sitt innhald, og er med på å godkjenne årsplanen. Denne årsplanen er godkjent av SU.
- Årleg brukarundersøking med påfølgande evaluering og eventuelle tiltak.
- Me har som mål å fortelje foreldra om barnehagedagen til kvart enkelt barn når barnet blir henta.

Tilvenning av nye barn

Kva

Ei god og trygg tilvenning legg grunnlag for ei god barnehagetid. Espira har ein eigen standard for korleis vi skal arbeide med tilvenning av nye barn: [Småspirestandard](#)

Kvifor

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å verte kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til andre barn. Når barnet byrjar i barnehagen skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida slik at barnet kan oppleve tilhørsele og tryggleik til å leike, utforske og lære.

Korleis

Slik legg vi til rette for ei god tilvenningstid:

- Tar kontakt før oppstart, sender ut informasjonsbrev og spirepakke, avtaler oppstart.
- Tilvenningskontakt
- God tid til tilvenning (minst ei veka), legg til rette for forskjellige behov. Barnets beste i fokus.
- Skaper trygge og gode rammer for barna, både ute og inne.
- Legger til rette for enkeltbarnet og har tett dialog med foreldre ifht. behov
- Fokus på tilknytning og relasjonsbygging. Små grupper og mykje leik med aktive vaksne som er tilstades for barna.
- Me skal vera "støttande stillas" (hjelp barna, til slutt klarar dei sjølv).
- Me legg til rette for mykje ro og kvile i løpet av dagen.
- Oppfølgingsamtale og tett kontakt med foreldre/føresette



Samarbeid og samanheng med skulen

Kva

Gode opplevingar med å vere eldst i barnehagen og møte med nye arbeidsmåtar og få erfaringar tilpassa det dei er opptekne av og interessert i. Barna skal verte kjent med skulen og kva som ventar dei. Mange kallar tilbodet til dei eldste for førskulegruppa, vi kallar det for Skulespira.

Kvifor

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen legge til rette for at barna kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og eventuelt skulefritidsordning.

Dei eldste barna skal få moglegheit til å glede seg til å byrje på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehage og skule. Barnehagen skal legge til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og motivasjon til å byrje på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner. Barna skal få verte kjent med kva som skjer i skulen og fritidsordninga.

Korleis

Slik arbeider me med skulespira:

- Det siste året i barnehagen skal vera spesielt og innehalda noko nytt.
- Skulespirene begynner på eigen avdeling i "skulespirebygget".
- Skulespirene har tradisjonar og innhald som er særskilt for dei. Dei får tildelt eigen sekk med spanande innhald.
- Me har eit tverrfagleg fokus når me t.d. har prosjekt.
- Me går lengre turar og er mykje ute i skog, mark og strand. Me går på tur til Toftåsen og andre åsar i nærleiken.
- Me nyttar Trampoline, eit eige hefte med førskuleaktivitetar.
- Me har ein trygg og god overgang til skulen, og samarbeider godt med Halsnøy skule det siste året. Me er på besøk kvar månad i klasserom, gymsal, uteområde og SFO.
- Til sommaren har me høgtideleg avslutningsfest saman med foreldra.
- Overføringssamtalar med skulen på våren



Espira sine satsingsområde

Kva

Espira har tre satsingsområde: Språk, realfag og bevegelse. Desse områda er viktige for barna si heilskaplege utvikling og livslang læring. I Espira skal alle barn møte desse satsingsområda på varierte og spennande måtar.

Kvifor

Språk, realfag og bevegelse, i kombinasjon med eit sunt kosthald dekkjer grunnleggjande område som er viktig for barna si utvikling her og nå, og i framtida. Kombinasjonen er viktig fordi kropp og hjerne heng saman og påverkar kvarandre gjensidig. Fysisk aktivitet påverkar barna sin trivsel og utvikling positivt. Realfagleg utforsking fremmer nysgjerrigheit og vitebegjær. Realfaglege samtalar gir viktige språklege erfaringar, og språklege ferdigheiter er igjen avgjerande for lek og læring. Samla gir våre satsingsområde barna verktøy til å forstå seg sjølv og verda, kommunisere og delta og til å gi kropp og hjerne det dei treng for å spele på lag i lek og læring.

Korleis

Slik jobbar me med språk, realfag og bevegelse:

Språk:

- Me legg til rette for språkstimulering i dei daglege aktivitetane i barnehagen og tilpassar oss kvart enkelt barn sine ferdigheiter. Dette skal vera ein naturleg del av kvardagen, og personalet skal vera språklege rollemodellar.
- Me brukar Språkløyper som går ut på å styrke kompetansen til personalet slik at me blir gode språkmodellar for barna, og legg til rette for ei god språkutvikling hos barna.
- Barna skal møte eit mangfald av fortellingar, eventyr og uttrykksformer.
- Bruke språket for å uttrykke ynskjer og erfaringar, løyse konflikhtar og til å skape positive relasjonar i lek.

Realfag:

- Barna skal bli kjent med realfag gjennom kvardagsaktivitetar.
- Me skal utforske, tenke kreativt, undersøke og strukturere.
- Me skal ha relevant materiale tilgjengeleg, spele spel, bruke Mattemeisen, mattekassen og utstyr frå Forskerfabrikken.
- Me skal undre oss saman med barna, stille spørsmål og finne løysingar saman. Barna skal få utforske og leike med tall, form og sortering.
- Eksperimentere gjennom lek og elles i barnehagekvardagen.

Bevegelse:

- Alle grupper/avdelingar har faste turdagar der me bruker dei flotte turområda me har rundt oss.
- Me legg til rette for allsidig bruk av kroppen gjennom heile barnehagedagen.
- Me er mykje ute, og bruker det store uteområdet vårt med ulent terreng som legg til rette for aktivitet og bevegelse.
- Me sørger for at alle barn får delta i aktivitet og me tilpassar til barna sine ferdigheiter. Me har Minirøris både inne og ute.
- Alle barna skal oppleve bevegelsesglede og meistringsfølelse.
- Me har gym i gymsalen på Halsnøy skule.

Lokale satsingar

Kva

REKOMP (regional ordning for barnehagebasert kompetanseutvikling), Blikk for leik

Kvifor

REKOMP, barnehagebasert kompetanseutvikling handlar om at heile personalgruppa deltar i felles utviklingsprosess med felles mål. Dette er eit samarbeid med NLA høgskulen og felles læring for kvalitetsutvikling i barnehagen. Me skal ha eit utviklingsprosjekt om leik, som er barna sin fremste arena for læring og utvikling.

Korleis

- Kompetanseheving, interne og eksterne kurs.
- Me skal nytte personalmøter, planleggingsdagar osv til å skape felles forståing for leik, vaksenrolla og gode inkluderande miljø.
- Observasjon av leik
- Jobbe med vaksenrolla og relasjonsbygging. Me skal vera deltakande i leiken, som støtte til barna, men også for å utvikle leiken.
- Leiken skal ha gode vilkår og det krev at me vaksne viser respekt for barna og fridommen som ligg i leiken. Det vil sei at me må gi plass og tid, for at den gode leiken kan få utvikle seg.
- Legge til rette for pedagogiske leikemiljø som inviterer og inspirerer til leik.

Målet vårt er at alle barn opplev glede, meistring, læring og vennskap i leiken, saman med deltakande og støttande vaksne.

«Når vi jobber med lek, jobber vi med hele rammeplanen»

«Relasjoner og lek er barnehagens kjerneoppgave» (Sitater, Terje Melaas)



Vurderingsarbeid

Kva

Vi skal jamleg vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal skildrast, analyserast og tolkast ut frå barnehagen sine planar, barnehagelova og rammeplanen. Vurderingsarbeidet handlar om at me jobbar saman om å forbetre praksisen i barnehagen.

Espira har utvikla sin eigen systematiske vurderingsmetodikk, Espira BLIKK. Me vurderer årleg kjenneteikna på kvalitet som er skildra under kapittelet "Barnehagen sitt formål og innhald". Anna kvart år kjem pedagogar frå ein annan Espira barnehage og observerer og vurderer den pedagogiske praksisen etter dei same kjenneteikna. Me følgjer opp vurderingane med mål og tiltak for korleis vi skal utvikle kvaliteten på den pedagogiske praksisen vidare.

Kvifor

Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

Vurderingsarbeidet bygg på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Felles refleksjon over det pedagogiske arbeidet gir personalet eit utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring.

Korleis

Slik jobbar me med vurdering:

- Arbeidet vert vurdert i forhold til kriterier i barnehagelova, rammeplanen og årsplanen.
- I barnehagen foregår det både formell og uformell vurdering. Formell vurdering skjer når ein t.d. skriv ned observasjonar, reflekterer, og set mål og tiltak for enkeltbarn eller grupper. Formell vurdering er planlagt, i motsetning til uformell som skjer spontant i her og nå situasjonar i det daglege gjennom leik og samspel med barna.
- Me set oss mål utifrå resultat på klimamåling blant tilsette.
- Espira BLIKK er barnehagen sin metodikk for å sikre at alle barna får eit godt barnehagetilbod, ein metodikk for kvalitetsvurdering. BLIKK står for barnesyn, læring, innsikt, kompetanse og kvalitet. Me både vurderer oss sjølv ut frå gitte kjenneteikn, og vert vurdert av pedagogar frå andre barnehagar.
- Me vurderer ut frå kvalitetskryssset etter t.d. prosjekt og tema (kva gjekk bra/ikkje bra, kvifor/kvifor ikkje, behov for endringar, nye tiltak mm.)
- Årsplanen vert evaluert og vurdert kvart år for og gi grunnlag for ny planlegging.
- Me nyttar IGP-metoden (individuell, gruppe, plenum) når me reflekterer og vurderer på personalmøte og planleggingsdagar.
- I prosjektarbeid vurderer me saman med barna.
- Foreldra har god anledning til å vera med på å vurdere oss på brukarundersøkingar, foreldremøte og foreldresamtalar. Me set oss mål og tiltak for stadig å bli ein betre barnehage

Kontaktinformasjon

Styrar	Mona Herskedal Fjelland
E-post	Mona.fjelland@espira.no
Telefon	53470080/94007991
Adresse	Eidsnesvegen 73 5454 Halsnøy Kloster

